DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Vegdirektoratet
Postboks 8142 Dep.
0033 OSLO

Dykkar ref	Vår ref	Dato
	17/1689-4	30. november 2017

Overføring av sams vegadministrasjon til regionalt folkevald nivå. Mandat for utgreiing

Ved handsaming av Prop. 84 S (2016 – 2017) Ny inndeling av regionalt forvaltingsnivå, jf. Innst. 385 S 2016 – 2017) gjorde Stortinget følgjande oppmodingsvedtak:

Stortinget ber regjeringen sørge for at regional vegadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesveiene, overføres fra Statens vegvesen til regionalt folkevalgt nivå.

Oppmodingsvedtaket er ei oppfølging av eit vedtak frå våren 2016 (ved handsaming av Meld. St. 22 (2015 – 2016) Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver, jf. Innst. 377 S (2015 – 2016)).

Ein samla kommunal- og forvaltningskomite står bak framlegg til vedtak om overføring. Fleirtalet i komiteen (H, FrP, KrF og V) peikar på behov for utgreiing, med formål å sikra ei forsvarleg overføring av ansvaret for fylkesvegar til fylkeskommunane. Fleirtalet meiner at det er naturleg å leggja administrasjon av fylkesvegnettet til dei nye einingane når dei nye fylkeskommunane vert etablerte 1. januar 2020.

Vegdirektoratet får med dette i oppdrag å utgreia spørsmål i tilknyting til ei overføring til fylkeskommunar for den delen av sams vegadministrasjon som har ansvar for fylkesvegar. Mandat for utgreiinga ligg ved. Det er ein føresetnad at arbeidet vert gjort i samarbeid med KS og fylkeskommunane.

Utgreiinga vil vera grunnlag for regjeringa sitt vidare arbeid med spørsmålet om overføring.

Postadresse	Kontoradresse	Telefon*	Avdeling	Saksbehandlar
Postboks 8010 Dep	Akersg. 59	22 24 90 90	Veg-, by- og	Dag Namtvedt
0030 Oslo		Org no.	trafikksikkerhetsavdelinga	22 24 82 49
postmottak@sd.dep.no	www.sd.dep.no	972 417 904		

Med helsing

Ola Brattegard (e.f.)
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt
Underdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Vedlegg

Kopi

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
KS
Kommunal- og moderniseringsdepartementet